

Blokka på Bjerke: Tretten år i tredje etasje (2023) av Bjørn Hatterud

Opplegget er laga av Nynorsksenteret

I *Blokka på Bjerke* følgjer vi Bjørn Hatterud si personlege historie. I utdraget ser Hatterud tilbake på åra han budde i ei høgblokk på Bjerke. Han reknar ut at han no er tretten og eit halvt år eldre, det same som tida frå han var nitten til trettito. Hatterud fortel om ei ungdomstid prega av utfordringar og utanforskap. Han brukte to ekstra år på å fullføre vidaregåande og gjekk dermed glipp av russetida. Seinare studerte han deltid og vart etter kvart uføretrygda. Ikkje berre har han funksjonsnedsettingar som hindrar han. At han også er homofil, er noko som har gjort, ifølgje Hatterud, at han har hamna utanfor det forventa livsløpet. Likevel har han funne varande venskap på tvers av alder, og bygd seg ein karriere med nye moglegheiter. I utdraget skriv han om menneske han møtte i blokka på Bjerke, mellom anna krigsseglaren Bjarne, og om livet i Groruddalen. Han skildrar korleis området har endra seg frå å vere ein lite ettertrakta plass å bu til å bli ein populær bydel. Samstundes reflekterer han over korleis han sjølv har endra seg med tida.

Kompetansemål i norsk:

Vg1 studieførebuande og vg2 yrkesfag:

- lese, analysere og tolke nyare skjønnlitteratur på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk
- reflektere over korleis tekstar framstiller møte mellom ulike kulturar
- kombinere verkemiddel og uttryksformer kreativt i eiga tekstskaping

Vg3 studieførebuande:

- analysere og tolke romanar, noveller, drama, lyrikk og sakprosa på bokmål og nynorsk frå 1850 til i dag og reflektere over tekstane i lys av den kulturhistoriske konteksten og eiga samtid
- utforske og reflektere over korleis tekstar frå den realistiske og den modernistiske tradisjonen framstiller menneske, natur og samfunn
- skrive essay som utforskar og reflekterer over innhald i tekstar
- bruke fagkunnskap og presist fagspråk i utforskande samtalar, diskusjonar og munnlege presentasjonar om norskfaglege emne

Før lesing

Utanfor eller innanfor?

Lag eit tankekart med utgangspunkt i desse to orda. Bruk spørsmåla under for å kome i gang:

- Kven blir rekna som utanfor i samfunnet i dag?
- Kva vil det seie å vere innanfor?
- Kva er det som gjer at nokon fell utanfor, medan andre er innanfor?

Heimplassen min og kven eg er

Tenk på staden du bur eller har vakse opp, og kva som er typisk der. Bruk spørsmåla under for å lage eit tankekart, ei teikning eller ein kort tekst.

- Korleis vil du skildre heimstaden din?
- Korleis trur du andre ser på plassen du kjem frå?
- Er det stereotypiar knytte til plassen du kjem frå?
- Kva betyr plassen for deg?
- Korleis trur du heimplassen har forma deg til den du er i dag?
- Kva har du tenkt å gjere når du er ferdig på skulen? Skal du flytte derifrå, eller skal du bli verande?

Finn ut meir

- Kva veit du om Bjerke og Groruddalen? Finn ut meir om plassen og kva for endringar som har skjedd dei siste 10–20 åra.
- Kva er ein drabantby?

Undervegs

1. Bjørn Hatterud brukar eit poetisk språk og tydelege kontrastar i skildringa si av Groruddalen. Han skriv: «Groruddalen, eit dalføre så grønt og frodig som eit landskap frå eit folkeeventyr, det er mest så ein ventar at det skal komme eit troll med tre hovud gåande gjennom, eit som veltar tre opp med røtene, knuser tuver og sparkar laus digre steinar på si ferd ved reine uhell» (Hatterud, 2023, s. 51). Kva effekt har det at Groruddalen blir samanlikna med eit eventyrlandskap og eit troll? Kva seier teksten om forholdet mellom fortid og notid? Kva kan trollet vere eit bilete på?
2. Skriv ein kort tekst inspirert av stilen til Hatterud. Beskriv ein kjent stad du har eit sterkt forhold til. Har staden endra seg? Har du endra deg? Bruk spørsmåla som hjelp til å kome i

gang: Korleis ser det ut der? Kva luktar du? Kva høyrer du? Kva ser du? Kva kjensler vekker staden? Kor står du i alt? Bruk språklege bilete.

3. Hatterud skildrar naturen som noko eventyraktig, medan motorvegane pulserer i landskapet. Kva bidreg denne kontrasten til?
4. Hatterud skriv om korleis det var å sjå at alle andre på hans alder fekk utdanning, arbeid, og karriere, medan han vart verande att på heimstaden og fekk trygd, og at han slik har «bomma på takta som andre lever livet sitt i» (Hatterud, 2023, s. 53). For å forstå betre kvifor det vart slik, skriv han om «crip time» og «queer time». Kva ligg i dei to omgrepa, og kvifor er det forklarande, ifølgje Hatterud? Vis til konkrete døme frå teksten.
5. Korleis skildrar Hatterud venene sine, og kva er det som gjer at dei har fått ein plass hjartet hans?

Heisen

1. Les side 56–58. Kva handlar teksten bokstaveleg om?
2. Kva problem møter krigsseglaren Bjarne?
3. Kva trur du Hatterud meiner med «Levd liv set spor i gamle hus»?
4. Kva symbolverdi kan spora etter Bjarne ha?
5. Medan du sit i klasserommet, sjå deg rundt. Gå deg ein tur utpå gangen, i kantina, ut. Kva slags spor etter liv ser du rundt deg? Kvifor kan det vere viktig, eller til og med vekke sterke kjensler, at desse spora er synlege eller usynlege? Ta bilete av spora du finn. Lag ei fotoutstilling i klasserommet med bilete og ein kort kommentar under kvart bilete.
6. Korleis blir dei gamle og dei nye heisdørene skildra i tekstutdraget? Kva slags kontrast blir laga?
7. Skriv ein kort tekst på om lag 150 ord inspirert av setninga «Levd liv set spor i gamle hus».
8. Kva kritikk ligg i måten heisen i blokka er utforma på? Kva seier endringa i utforminga av heisdøra om kven teknologien er laga for?

Det verkelege livet og einsemd

Hatterud kjende eit sosialt tap over å flytte frå Grünerløkka til Groruddalen. I tillegg vart det vanskeleg at jamaldrande la ut «middagar, reisebilde og glimt frå familien sin» medan han sjølv ikkje fekk det til. Han kjende på ei einsemd der han sat aleine, utan jobb og eit sosialt nettverk. Hatterud er nok ikkje aleine om å ha følt seg einsam. På kva måte kan sosiale medium vere med på å forsterke eit skilje mellom oss og dei, og slik også gi eit bilete av ein annan røyndom enn det som er tilfelle?

- Gå saman to og to. Lag ein todelt collage/plakat der du på venstre side viser eit perfekt bilete frå sosiale medium medan du på høgre side viser det som eigentleg er røyndomen. Bruk ord eller setningar frå *Blokka på Bjerke* frå side 59–60.

Om å vere bra nok og til stades

«Som alle andre gløymer eg ofte at eg lever. Eg berre henger meg opp i problem, dumme folk eller redselen for at eg ikkje er bra nok. Så rasar tida. Når eg sit her og kikkar ut på ei utsikt eg veit eg berre har for ei kort tid, så er det som sansane klarnar, hovudet stilnar og livet blir noko eg har her og no» (Hatterud, 2023, ss. 61–62). Kva trur du Hatterud meiner med at han gløymer at han lever?

- a. Kjenner du deg att i det han skriv om å henge seg opp i problem eller føle at du ikkje er bra nok?
- b. «Som alle andre» skriv Hatterud. Trur du at det er mange som har det slik?
- c. Hender det at du sjølv kjenner at du ikkje klarar det? Kvifor trur du det kan vere vanskeleg å vere til stades i augneblinken, sjølv når vi vil?

Bygd og by

1. På veggen har Hatterud og Peder eit blad med eit bilete av ei på toppen av ei høgblokk med dobbeldekkarfly med teksten «Ku Kong». «På bildet er det som kua har vunne over høgblokka på eit vis. Ei påminning om at både Peder og eg kjem frå bygda» (Hatterud, 2023, s. 62).
 - a. Kva meiner Hatterud med at kua har vunne over høgblokka?
 - b. Kva skjer med eit område, slik som til dømes Groruddalen, når det blir populært? Kven flyttar inn, og kven blir pressa ut?
 - c. Sjå nærmare på dette med bygd og by. Korleis påverkar det å vekse opp i ei bygd eller ein by identiteten vår og måten vi ser oss sjølve på?

Telefonkiosken

1. Hatterud ser tilbake på telefonkiosken på Bjerke. Kva kan dette tilbakeblikket fortelje oss om kven som bur på Bjerke no, samanlikna med før?
2. Reflekter over korleis karakteren «Trygdebeistet», ein karakter frå NRK-serien Trygdekontoret, blir framstilt, og kva det gjer med forståinga av menneske som er trygda. Kva meiner Hatterud når han seier at telefonkiosken den gongen var eit bilete på «sosial misere»?
3. «Summetonen i telefonen er for lengst borte» skriv Hatterud. Kva ligg i det?

Etter lesing

Hatterud skriv om korleis mykje har endra seg frå han flytta til Bjerke og til no, både staden han bur på og ikkje minst han sjølv. Sjå nærmare på din heimstad og deg sjølv. Har du endra deg med åra? Kva med staden du bur? Skriv eit kort refleksjonsnotat med utgangspunkt i desse spørsmåla.

Skriveoppgåve: Skriv ein kreativ tekst eller eit essay med tittelen «Ein stad å høyre til». Du skal utforske og reflektere over korleis stad, bakgrunn og livserfaringar formar kven vi er, og kven vi blir. I

teksten skal du bruke eksempel frå *Blokka på Bjerke*. Du kan godt trekke inn det du har skrive i refleksjonsnotatet og i dei andre oppgåvene du har jobba med undervegs. Leik deg med språket. Sjå om du kan la deg bli inspirert av Bjørn Hatterud og måten han skriv på.

Tilleggsressursar:

<https://nynorskbok.no/fakta/bjorn-hatterud-blokka-pa-bjerke-tretten-ar-i-tredje-etasje/>